

## **OPPLEGG I GEOLOGI FOR UNGDOMSSKULANE PÅ BØMLØ.**

For 7 - 8 månader sidan gjekk skulekontoret i Bømlo kommune ut med føre-spurnad til eit par av hovedfagsstudentane i geologi ved Geologisk institutt, avd. A, Universitetet i Bergen, om dei kunne ta på seg å laga eit opplegg i geologi for ungdomsskulesteget på Bømlo. Ein av desse var interessert, han kontakta så underskrivne som arbeidar i skulen. Eg har studert litt geologi sjølv og har halde kontakten med fagmiljøet ved like etterpå.

Gjennom undervisninga i naturgeografi kan ein gjera seg nytte av ein god del grunnleggjande geologi dersom ein kan gjera stoffet levande og interessant. Dette kan ein gjera gjennom å ta elevane med ut i naturen og læra dei å bruka augane sine.

Bømlo har til no vore heller därleg kartlagd med omsyn til geologien når ein ser med »moderne auger». Det ein har hatt å halde seg til er Reusch: »Bømmeloen og Karmoen med omgivelser». Reusch var ein god geolog og framifrå illustratør, men han hadde ikkje moderne hjelpemidlar til disposisjon og dei kunnskapane som er blitt tilgjengeleg dei siste åra.

Utanom hans arbeid er det ei hovudfagsoppgåve fra 1971, og eit arbeid av N.H. Kolderup ein gogn i 1930-åra.

Bergartane har nok delvis dei same namna, men tolkninga av korleis dei er blitt til har endra seg radikalt, frå å vera forskjellige grønskifrer/grønsteinar og sediment til å vera deler av gamal havbotnskorpe frå tida før Noreg og Grønland kolliderte for rundt 420 millioner år sidan. Det er i løpet av dei tre siste åra at dette er blitt kjendt gjennom det arbeidet tre hovedfagsstudentar frå Bergen har gjort. Dei har detaljkartlagt den sørlege delen av Bømlo, og det er mykke av deira arbeid som er grunnlaget for det undervisningsopplegget vi har utarbeidd. Saman med Harald Brekke, ein av studentane, har eg så utarbeidd eit ekskursjoneopplegg for ungdomsskulane på Bømlo. Målet med dette opplegget er å gjera elevane i ungdomsskulen litt kjende med kva geologi er for noko, læra dei litt om kva dei bur på, og ikkje minst, læra dei til å bruke augene sine (læra dei å sjå). Vi har lagt vekt på å nytta så enkel språkbruk som mogeleg, også når det gjeld fagterminologi som det er vanskeleg å koma utanom.

### **NORSKE OG UTENLANDSKE MINERALER FOR SALG**

**Fra samling selges hundrevis av mineralstuffer i  
forskjellige størrelser. Detaljert liste sendes  
interesserte. Skriv til:**

**GUNNAR HELVIG  
POSTBOKS 30  
4820 FROLAND**

For å kunne utarbeide ekskursjonane, var det naudsynt å bruka noko tid til feltarbeid. Det viktigaste var då å finna fram til godt brukbare stopp i nærlieken av kvar skule, laga små illustrasjonar og laga eit utkast til arbeidsoppgåver. Talet på stopp på kvar ekskursjon ligg mellom 7 og 12, nokre har eit par ekstrastopp. Til kvart stopp er det så laga ein del arbeidsoppgåver som elevane skal prøva å svara på, enten medan dei er ute på ekskursjon eller i samband med etterarbeid på skulen. Til desse arbeidsoppgåvene er det også utarbeidd ein »fasit» for læraren. Av erfaring veit vi at lærarane veit svært lite om geologi, det er også eit fag dei av den grunn ikkje vågar seg så lett borti. Vi håpar dette betrar seg gjennom eit slikt opplegg vi har laga. I samband med ekskursjonane har vi også laga til ei steinsamling for kvar skule, samlinga er representativ for dei bergartar og mineral ein finn på Børmo.

Det er også utarbeidd ein større ekskursjon som dekkar det meste av øya. Her er det ialt 14 stopp og ein har anledning til å ta med dei stoppa som passer best eller som det blir tid til. Det skulle vere kjent at ein må bruka noko tid på kvar stopp når ein er ute på ekskursjon, ein kan berre gløyme klokka då.

Som ein generell innleiing til desse ekskursjonsomtalane har vi teke med ein god del om korleis jorda er oppbygd, med midt-oceanryggar, neddykkingssonar og jordskorpeplatene som »virra vilt rundt på eiga hand». Vi har også teke med korleis ei fjellkjede blir danna. Noko om dei mest vanlege minerale ein kan finna på Børmo er også med. Elles er det litt om bergartar og deformasjon av desse. Litt om historisk geologi, fossilar og ikkje minst ei kort innføring i geologisk kartlegging er også med. Sjølvsgart har vi med ein kort, generell omtale av geologien i dei områda vi kan dela Børmo inn i når det gjeld geologi.

Harald Breivik

GULLSMED F.I. EEG  
(inneh. Arne H. Eeg)  
"Stengruben", Dronningensgt. 27  
Oslo 1  
Tlf.: 41 74 74

FOR UTEN VANLIG GULLSMEDFORRETNING, ER VÅR  
SPESIALITET DIAMANTER OG ANDRE SLEPNE STENER

VI FØRER OGSÅ SJELDNE SLEPNE STENER

ASSORTERT UTVALG I STENKJEDER. DYRERE MINERALER

VI LAGER RINGER M.M. PLASTESKER FOR MINERALER

EGEN STENAVDELING